

Innbrot på Nappane-senteret

LINDÅS: Det var vore innbrot på i det tidlegare Evangeliesenteret på Nappane. Noko har knust seg inn gjennom vindauge, og forsyt seg med fernsyn og datautstyr, får Nh opplyst ved Nordhordland lensmannskontor. Innbrotet vart oppdaga søndag.

– Vi har folk i kikkerten som vi har mistanke om står bak innbrotet, seier lensmann Einar Vatne. Nappane-senteret er i drift.



Kjorde utfor på Ishus-flaten

MANGER: På Ishusflaten like nord for Manger hamna ein bil utfor vegen natt til lørdag. Politiet opplyser at føraren er mistenkt for å ha kjørt i rusa tilstand. Mannen som er i midten av 20-åra, vart ikkje skada i utforkjøringa.

– Sjøføren vart kjørt til legevakst for utvida blodprøve, opplyser politiet. Det var ingen andre bilar involvert i trafikkuhellet.

Godsaker frå Nybyggjarstova på Sletta

Slik levde Amerika-fararane

RADØY: Det lukta av nybakte lefser og flatbrød frå Nybyggjarstova. Utanfor var det både gullgraving og indianar-leir.

LIV I EMIGRANTHUS

Vestnorsk utvandringssenter inviterte til "Liv i Emigranthusa" lørdag. – Nybyggjarlivet i Amerika er i skjæringspunktet mellom romantikk og blodslit, og vi ønsker å gje publikum begge delar, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

Det var liv og røre i emigranthusa på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta lørdag. Her fekk små og stor vera med på aktivitetar knytt til utvandringa frå Norge til Amerika.

Den gode baksteddufta drog mange innom Nybyggjarstova for å smaka på godsakene som Nina Hammer og mammo, Aashild Hammer trylla fram tradisjonsrik kost frå utvandringstida.

Flatbrødet heldt seg godt lenge, og var svært viktig reisenisete då emigrantane kryssa Atlanteren.

Oppskrifta til oldemor

– Vi brukar oppskrifta etter ho oldemor, fortel Nina Hammer. Oldemor Louisa Ystebø var ein kløppar til å baka lefser og potetkaker, og den tradisjonen har nye generasjonar folgt opp

– Bestemor måtte eta så mykje stompekake då ho var lita, at ho smakte det knapt etter at ho vart vaksen, fortel Nina. Ho fortel at stompekakene vart kalla fattigmannskaker.

I dag kan folket på utvandringssenteret forsyne seg både med nybakt flatbrød, tynn- og tjukklefse.

Kasta ikkje ei potet

– Nina si oldemor laga stompekaker utan kjevle. Det har ikkje eg fått til, det var ein kunst i seg sjølv, fortel Åshild.

– Og vi kasta ikkje ei pote, uansett kor lita ho var. Småpotene

gjekk til potekaker. Vi ungane sat gjerne å reinska poteter medan foreldra kvilte middag, og hadde det frykteleg kjekt.

Sovna ikkje i timen

Inne i skulestova på Utvandringssenteret har ein flokk elevar funne pultane sine. Skulestova har vore i bruk av elevar som flytta med familien sin til Amerika.

– Med så harde stolar var det umogleg å sovna i timen, smiler Simeon Kalnes.

I skulestova kunne også dagens barn og unge skriva Amerikabrev som vart forseгла på gamlemåten.

Utanfor er det mange som prøver lukka som gullgravarar. Fleire av dei som drog frå Norge var eventyrarar og ville prøva lukka som gullgravarar.

Og dagens gullgravarar kom såvisst ikkje tomhendt tilbake.

Med pil og boge

Møte med indianarane var ein del av historia for utvandrarane til Amerika. På Sletta hadde «indianarhovdingen» frå Austmarka slått leir, og her fekk liten og stor prøva seg med pil og boge.

– Spennande, men ikkje så veldig lett å treffa blink, seier Amalie Sylta som fekk ei hjelpande hand av Ronny Olsvik - utstyrt i indianarantrekk.

Mange prøvde seg også med jaktvåpenet atlatl - det eldste kastvåpenet i Amerika.

I steinhoggarleiren demonstrerte Morten Kutschera korleis ein laga knivar og spissar til spyd for ein del tusen år sidan.



SPYDSPISSAR: Barna som kom fekk laga spydspissar og reiskapar på gamlemåten



FLATBRØD OG LEFSER: Lefser og flatbrød var vanleg kost for dei som utvandra til Amerika.



BLINK I SIKTE: Amalie Sylta - utstyrt på indianarvis, prøver seg med pil og boge, med assistanse frå mammo Marie Sylta.



I SKULESTOVA: - Kunne ikkje sovna i timen her, seier Simeon Kalnes (t.h.) i den gamle skulestova som emigrantane brukte. Fremst sit Lisa Valdersnes.

Samlar inn klede

Også i år kjem stiftinga Open Heart med Hallvard Hasseløy i spissen til Knarvik for å samla inn klede og skor til Ukraina.

ARTHUR KLEIVELAND

Det kjem til å stå ein trailer på kaien i Knarvik om ettermiddagen fredag 23. september og om formiddagen lørdag den 24.

Hasseløy kjører hjelpesendingar med tre trailerar til Ukraina ca ein gong i månaden, slik han har

Inviterer til Havets festbord

LINDÅS: Lørdag 1. oktober inviterer Westland Hotel til Havets Festbord. På menyen står ein delikatessebuffet med fiskesuppe og eit rikhaldig utval av skaldyr. Til dessert vert det ost og frukt.

- Dette er eit svært populært arrangement og vi reknar med at huset vert fullt også dette året, seier kjøkkensjef Atle Fyllingsnes og sommelier Ulrika Andersson. Bestilling direkte til hotellet.

etta



Aashild Hammer og dottera Nina Hammer i sving i Nybyggerstova på Utvandringssenteret.

og sko til Ukraina

gjort i mange år. Landa i Aust-Europa, som tidlegare var ein del av Sovjetunionen, er ikkje så mykje i media no som i tida etter at Sovjetunionen vart oppløyst.

- I fleire av landa, slik som i Ukraina, lever ein stor del av folket framleis i fattigdom, grunna arbeidsløysle og rusmisbruk. Dette går særleg ut over borna, seier Øystein Valde, pastor i Betania Knarvik og Betel Frekhaug.

- Open Heart opprettheld difor hjelpearbeidet, med matstasjonar her fleire tusen fattige barn et kvar

dag, eigen barneheim for barn under 6 år, eigen skule, egne senter for misbrukte gatebarn i Kiev og på Krim, suppebuskar for gatebarn, massedistribusjon av klede og mat til fattige barn og familjar.

Fredag og lørdag kan altså folk i Nordhordland vera med og hjelpe. Klede og skor kan pakkast i svarte plastsekkar. Det er ønskeleg med 50 kroner per sekk i transportstøtte. På eit møte i Betania Knarvik lørdag kveld fortel Haseløy frå arbeidet sitt.



AKSJON: Kjem til Knarvik.



Fårikålkjøtt av lam

Matmestern/ Farnen, ferskt/ frossent, pr. kg

49⁹⁰



Ferskt lammelår

Gilde, m/mørbrad & knoke, pr. kg

99⁰⁰



Ferskt lammelår i skiver

Matmestern, pr. kg

119⁰⁰



Hodekål

Pr. kg

1⁹⁰



Pepsi Max 4-pk

4 x 1,5l, 9,65/liter + pant

57⁹⁰

Rimi Pluss gir deg mer tid til alt annet



Available on the iPhone
App Store

Available on the Android Market

Last ned gratis app her

Rimi

Vi tar forbehold om eventuelle trykfeil og at noen varer kan være utsolgt. Kun for private husholdninger. Prisene gjelder til 25.09.2011